


Oppdragsgjevar: Hyllestad Kommune  
Oppdragsnamn: Detaljregulering Åfjorden båthamn  
Oppdragsnummer: 638766-01  
Utarbeida av: Turid Kristine Brekke  
Oppdragsleiar: Hilde Ruud  
Dato: 02.12.2022

## Notat KU vurdering

Konsekvensutgreiing (KU) er ei samfunnsøkonomisk analyse. «Forskrift om konsekvensutgreiing for planer etter plan- og bygningsloven» fastset krav til kva planar som skal utgreiast. Etter § 4 i forskrift om konsekvensutgreiing skal forslagsstillar vurdere om planen eller tiltaket omfattast av § 6, § 7 eller § 8.

### Planstatus:

Hyllestad kommune oppgir at i gjeldande arealdel til kommuneplan (KPA) for Hyllestad er deler av planområdet sett av til «sentrumsføremål» underlagt restriksjonsområde «område unnateke frå rettsverknad». Dette betyr at det er områdereguleringsplan for Sørbøvåg (plan-ID 2004002) som er gjeldande plan. Forslag til planavgrensing, sjå utsnitt nedanfor, viser at deler av området i sjø går utanfor «område unnateke frå rettsverknad». I gjeldande KPA er dette område sett av til «vassareal til ålment fleirbruk» (jf. Hyllestad kommune sitt tilbodsdokument).



*Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel med forslag til planavgrensing.*

Det er områdereguleringsplan for Sørbøvåg (plan-ID 2004002) som i hovudsak er gjeldande for det komande planframlegget. I områdeplanen er dei aktuelle sjøområda regulert til:

- småbåthavn (PS1 og PS3)
- havneområde i sjø (HS)
- låsettingsplass

Aktuelle landområde er regulert til:

- parkering (P)
- Veg (FT1 og FT2)
- Friluftsmål (FL5)
- Friområde (FR)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (PS5 og PS4)
- Uthus/naust/badeplass (N6)
- Faresone H320, flaumfare



Utsnitt frå områdereguleringsplan for Sørbøvåg med forslag til planavgrensing.

## Vurdering:

Vår vurdering er at planen ikkje vert omfatta av §6, då den ikkje inneheld tiltak i vedlegg I. §7 omhandlar planar etter anna regelverk enn plan- og bygningsloven, det er ikkje aktuelt i dette tilfelle.

§8 seier at planar/tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn etter §10. Dette gjeld for tiltak i vedlegg II<sup>1</sup> med unntak der tiltaket er konsekvensutgreidd i tidlegare plan, og tiltaket er i samsvar med tidlegare plan.

Planframlegget skal legge til rette for ny molo i forlenging av eksisterande nes, regulert til friluftsmål, FL5. Moloen med tilhøyrande flytebrygger og bølgebrytar strekkjer seg ut i sjøen og i områdereguleringsplanen er det aktuelle området i sjø regulert til «småbåthamn» og «hamneområde i sjø». Deler av den nye småbåthamna strekkjer seg utanfor plangrensa for områdereguleringsplan for Sørbøvåg og ligg då i området sett av til «vassareal til ålment fleirbruk» i gjeldande KPA.

Landdelen av småbåthamna vil ligge i ein avgrensa del av område regulert til friluftsmål, FL 5 i områdereguleringsplanen. Områdeplanen legg til rette for ein varier arealbruk av landarealet aust for kyrkje og sør for daglegvarebutikken. I dette området er det opna opp for både småbåthamn, naust og friområde, med tilhøyrande tekniske anlegg som veg og parkeringsplassar. Planframlegget vil føre til nokre endringar i forhold til gjeldande plan, men endringane er, etter vår vurdering, ikkje i strid med hovuddrammene i planen.

Vår vurdering er at eit planforslag for ny småbåthamn med molo og flytebrygger er i samsvar med intensjonane i tidlegare/overordna planar, områdereguleringsplan for Sørbøvåg og KPA.

Vi vurderer at det vil vere tilstrekkeleg å belyse verknadar av tiltaka planen opnar for gjennom dei generelle utgreiingskrava i pbl. § 4-2 planomtale med grundig vurdering og skildring av planen sine verknadar for miljø og samfunn. ROS-analyse vil også verte utarbeidd.

<sup>1</sup>Småbåthamn med molo - aktuelle tiltak i vedlegg II:

- 10. infrastrukturprosjekt, e) ii. «bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner»
- 10. infrastrukturprosjekt, k) «Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks diker, moloer og andre bygg til vern mot havet...»
- 12. turisme og firtid, b) «lystbåthavner»